

kan yngjast oppatt. Eg tala med ein utlending, han hadde høyrte feleslåttar som hadde teki han sterkt dei verka hedenske, sa han. Når ein høyrer ny-dikta slåttar, kan ein ofte gå med ein gong at det er ny vin på gamle lærflasker. Då spør det om han er god!

Nytta dei gamle slåttane! Men skap og nye. Spela fortid og notid! Her er mange gode spelemenn i landet idag, er du i tvil, so reis berre til ein landskappleig, som t.d. den siste, den på Kongsberg. Her var det heile sjå som fekk fyrstepremi. Og endå var det gode spelemenn som ikkje spela, slike som Anders Kjærland, Eivind Moe, Gj. Haugen, Odd Bakkerud, Bernhoft Osa o.fl. Det var ikkje fleire gode spelemenn i dei gode, gamle dagar, t.d. for 100 år sidan. Noko av det som gledde meg mest var at det kom unge spelemenn frå byane, frå Bergen kom ein tjuetåring som spela bra, og frå Oslo kom ein 12-åring som spela utruleg godt til so ung å vera. Og han hadde fyrst teki til å klonke på fela i januar iår. Slikt gjev voner for framtida. Ikkje å forgløyme Bernt Balchen. Så lenge fela har noko å seia oss er ho liv laga. Når ein var på landskappleiken iår og høyrde alle desse gode spelemenn, kunne ein koma til å spørja seg sjølv: Spela dei betre på Kongsbergmarken i gamle dagar? Der kom kulte-spelemenn som Myllarguten, Knut Lurås, Løytnantsdrengejene Hellosen (Hans Flatland d.e.) Gunleik Svane o.a. Myllarguten var der jamleg, var så å seia fast spelemann.

Var verkeleg Myllaren betre enn andre spelemenn. — enn dei som lever nå? Det er vandt å døma. Men i si tid hedt dei Myllaren for meisteren. Dei gamle som høyrde han spela, smurde tjukt på; da far min spurde Olav Flatland om dette, sa han: «Dei æ' som ån imot'n». Og eg hugsar bestefar min sa: Dei beste spelemenn stod ikkje Myllaren til kness». o.s.b. Ein kan nok ikkje ta dette bokstaveleg. Her var andre gode spelemenn au: Håvard Gibøen, Knut Lurås, Langedragen, Olav Napper, Mosafinn, Rekveane, Bukoen, o.a. Max Skogen frå Voss høyrde Mosafinn mykje, — og han høyrde Myllaren. Han kytte fælt av Mosafinn, men sa om Myllaren au: « — — hvis kanskje vel så storslagne spil vi har havt anledning til at lære at kjende meget nøie». Og han held fram «den rike komposisjonsevne» som Myllarguten åtte. Dette er ei varsam mannjamning av ein vestlending.

Her var nok dei som spela mjukare og linnare enn Myllaren, Gibøen, Luråsen, Trasken. Myllarspelet var veldig, trollsk, ofseleg, so folk kunne bli fælna. Eg hugsar bestefar min fortalde at når Myllaren spela seg opp ut på notta, og det leid på morgonkanten, torde bestefar ikkje vera derinne, men gjekk ut på tunet og sveiv. Og slik var det ofte. Eg veit bestefar tulla slåttar etter Myllaren, Torkjell Haugerud lærte nokon av dei, hugsar eg. Den beste

karakteristikken gav kanhende Hans Flatland d.e., han spela mykje ilag med Myllaren som var på Flatland i vekevis, og Flatlandane, serleg Vesle-Hans var hjå Myllaren i tri somrar. Gamle Hans sa: Nå eg og Myllaren sat og spela, konne Myllaren seia: Du æ lisså go te spela, du som eg. Og det hende han sa: Du jæ bære'. Men dæ var ikkje sant, dæ konne vera nå Myllaren ikkje var på lone, da konne ein annan speemann spel lisså godt.

Men va Møllaren på lone, va' her ikkje spelemann i lande som sto'n te spela.

Vesle-Hans kjente Myllarspelet best. Hans for på Vestlandet au, og kytte av dei beste spelemenn der. Det gjekk ei soge i Bø um at Myllaren og Hans Flatland hadde kappspela på Rauland ein gong. Hans kasta trøya, og stod i skjurteermane, han hadde jamvel bleikt lerret i skjurta. Da skal Myllaren av strengjene på fela. Da eg fyrste gong hørde dette, trudde eg det var gamle Hans, og at det var berre utslag av bygdepatriotisme. Nå veit eg det var Vesle-Hans. Og soga er kjent i Rauland au. Rikard Berge skriv om Hans «at han ei tid var slik spelemann at han forgjekk sjølve meisteren, som elles då var gamal. Hans Flatland ville alder høyra at han hamla opp mot Myllaren. Han erkjente alltid Myllaren som sin overmann. Men Myllaren var gamal og sjukeleg, og hadde tapa seg. Hans var ung, og i sine beste år.

Olav Nordbø.

Frå Sunnfjord.

Det er ikkje so ofte ein høyrer frå kantar som Nordfjord og Sunnfjord. Ei gild stemme i Sunnfjord i november 1953 er det difor gledeleg å kunna taka med om ein skulle rekne ihop alt som har gått føre seg av speemannssamkomer i fjoråret. Det var Dale idrettslag som skipa til og gjennomførde suksessen. Det kom spelemenn og dansarar frå heile fjordane, og deltakinga var svært god.

Kappleiken og dansetevlinga vart haldne i samband med ein festkveld, som baud på tale om folke-musikken og bygdedansen. Og sjeldan eller aldri har det vori samla så stor festlyd i ungdomshuset i Dae. Og sjeldan har stemninga vori høgare. So ein må tru at tilskipinga gav meirsmak.

Domarar for spelet var Harald Fauske, Ivar Atterås og Oddleif Fagerheim. Desse var og domarar i dansetevlinga saman med Jonas Åsnes.

VANLEG FELE:

1. Peder Råd, Breim.
2. Kjell Hauge.

HARDINGFELE:

1. Bendik Brynestad, Dale.
2. Daniel Brynestad, Dale.
2. Arne Rivedal, Holmedal.
3. Kornelius Eikenes, Nordfjord.
4. Johannes Holsen, Førde.
5. Erling Kroken, Nordfjord.

I dansetevlinga vann Gudveig og Ingolf Iversen springaren, og i halling fekk Jostein Rivedal ekstra-premie.